




SKOBALL



SKOBALL

Hensikt

I Skoball blir barna utfordra på å kaste ball og prøve å treffe eit barn i rørsle.

Utstyr

Mjuk ball

6 sko

Forklaring

1. Leikast i gruppe på tre barn.
2. Legg skoa utover på leikeområdet, mellom to av barna. Det tredje barnet står i midten.
3. Barnet i midten skal prøve å samle alle skoa utan å bli treft av ballen.
4. Barna på kvar side skal prøve å treffe barnet i midten som samlar sko.
5. Dersom barnet i midten blir treft, skal den som trefte no stå i midten og samle sko, medan den som var i midten tek plassen til den som trefte.
6. Dersom barnet i midten greier å samle alle skoa utan å bli treft, kastar barnet alle skoa på bakken og ropar «Skoball».

Variasjon

- Ein lettare variant av leiken er å ta vekk elementet med sko. Då skal barna berre prøve å treffe det barnet som er i midten. Den som treff byter plass med den i midten.
- Ein kan også starte leiken med færre sko enn seks, og deretter auke tal på sko etter kvart som leiken er betre kjent.
- Ein kan utvide leiken til å vere fleire. Alt etter kor mange som er med, legg ein til tal sko og evt. fleire ballar. No må barna i midten samarbeide om å samle opp alle skoa.